

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er ikkje endeleg godkjent før etter neste instituttrådsmøte, og merknader til referatet må meldast til arve.uthaug@if.uib.no før neste møte.

Møtedato: 12. desember 2007

Til stades: Frå gruppe A: Tatjana Altermark, Benedicte M. Irgens, Lene Johannessen, Pernille Myrvold (kom under sak 4), Beatrice Sandberg, Margery Vibe Skagen, María Álvarez-Solar, Harald Ulland, Reidar Veland
Frå gruppe B: Camilla E. Skalle
Frå gruppe C: Trym N. Holbek (gjekk under sak 4), Kristin T. Skogedal
Frå gruppe D: Silje Drevdal, Siri Vevle
Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug var møtetreferent.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Uthaug sa seg lei for at sjølve saklista ikkje var send ut minst tre dagar før møtet. Elles ingen merknader til innkallinga og saklista.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 31. oktober 2007

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Sandra Halverson (engelsk) og Harald Ulland (vara fransk) har bede om fritak frå verva i instituttrådet sidan dei er blitt oppnemnde til leiargruppa ved instituttet. Odile Halmøy går inn som vararepresentant for fransk i staden for Ulland. Engelsk har så langt ikkje valt nokon ny representant etter Halverson.
- B. Uthaug orienterte om at det den seinare tid har vore uvedkomande inne på fleire av kontora ved instituttet, om ulike tiltak som blir sette i verk og førespurnaden om nytt nøkkelsystem. Det er sendt ut e-postar med informasjon til alle tilsette ved instituttet.

Sak 4 – orientering om styringsdialog med fakultetet

Undervisningsleiar Harald Ulland orienterte om styringsdialogmøtet mellom fakultets- og instituttleiinga fredag 7. desember 2007. På møtet framheva instituttleiar småfaga som hovudprioritet for IF, og det vart lagt vekt på at instituttet må få tilsett folk i ein del ledige stillingar (m.a. italiensk og arabisk). Stoda for japansk vart òg teken opp. Det vart diskutert ein god del kring forholdet mellom studiepoeng og stillingar i dei ulike faga. Japansk og tysk ligg på kvar sin ende av skalaen her: japansk har mange studiepoeng pr tilsett, medan tysk har få. Fakultetet bad instituttet om å laga ein langsiktig plan for forholdet mellom studiepoengsproduksjonen og talet på tilsette på dei ulike faga, og deretter må instituttet og fakultetet samarbeida om oppfølginga og prioriteringa av stillingar til ulike fag. Både fakultets- og instituttleiinga meinte det var fornuftig med ein viss bruk av faste universitetslektorar på framandspråk.

Fakultetsleiinga spurde om IF burde starta med portugisisk. Instituttleiar meinte det neppe var aktuelt med ei storsatsing, men at ein kanskje kunne gje tilbod om faget som vidareutdanning el.a. Det er ikkje planar om å leggja ned nokon av dei eksisterande faga ved IF.

Spørsmålet om tid til forskning vart òg drøfta under styringsdialogen. Undervisningsrekneskapen er eit viktig hjelpemiddel her. Blokkundervisning blir tilrådd sidan dette gjev meir *samanhengjande* forskingstid. Bruk av universitetslektorar kan frigjera tid til forskning, og det same kan meir langsiktig undervisningsplanlegging (jf ILOS ved Universitetet i Oslo).

På møtet med fakultetet var det semje om at det bør vera litt meir styring i tildelinga av masterrettleiar. Tidsavgrensing av masterstudiet vil òg koma. Fakultetsdirektør Rivedal var skeptisk til å oppmuntra studentane til ekstrasemester for å få betre karakter. Utgangspunktet bør vera den normerte tida ein har til rådvelde for eit masterstudium.

Arbeidet med å etablera forskingsgrupper er godt i gang ved IF. Sju grupper er oppretta, nokre av desse går på tvers av instituttgrensene. Alle forskingsgruppene bør ha ei hovudforankring ved eitt institutt.

Fleire andre tema var oppe i dialogen mellom instituttet og fakultetsleiinga:

- Behovet for støtte og hjelp i arbeidet med søknader om forskingsprosjekt.
- Dei fast vitskapleg tilsette har forskingsplikt, ikkje berre –rett.
- IF har mange kvinner tilsett, men relativt få på professornivå. Gode tiltak for å endra dette kan vera kvalifiseringsstipend, tremånaders engasjement av ferdige doktorandar, engasjement av kvinner som professor II.
- Det nye nasjonale latinamerikanettverket bør få sekretariat i Bergen, og her bør IF spela ei sentral rolle.
- HF-miljøa bør bli flinkare til å koma med framlegg til Meltzer-prisen.

Instituttrådet drøfta deretter nokre av temaa som hadde vore oppe i styringsdialogen med fakultetet:

Johannessen spurde om kvifor IF ønskjer universitetslektorar. Ulland viste til at framandspråka har eit særskilt behov for undervisning knytt til den grunnleggjande språkinnlæringa.

Myrvold viste til planane om tidsavgrensing på masterstudiet, og peikte på at dette stiller krav til at rettleiinga av masterstudentane er god nok. Vevle meinte det var viktig å få tildelt rettleiar tidleg og at studentane tidleg kunne peila seg inn på kva dei skulle skriva om. Dette ville gjera tidsavgrensinga på masterstudiet mindre problematisk. Johannessen peikte på at dersom dei tilsette får lagt ut fagområda sine på internett, kan studentane orientera seg mot tema tidleg i studiet.

Sandberg reiste spørsmål om opptakskrava, og meinte det kunne vera vanskeleg å få studentane gjennom studiet innanfor eit avgrensa tidsrom dersom det ikkje vart stilt opptakskrav til masterstudiet. Det blir jo heller ikkje stilt krav til obligatorisk frammøte i undervisninga. Ulland viste til at det enkelte faget kan gjera framlegg om kor mange studentar det vil ta opp på masterstudiet, og Skogedal peikte på at det er krav om C for å bli teken opp på masterstudiet.

Myrvold lurte på om nokre fag kunne få eit semester ekstra på masterstudiet, t.d. arabisk der studentane har mindre forkunnskapar i språket enn på t.d. engelsk. Ulland tvilte på om fakultetsleiinga ville gå inn for dette. Sandberg meinte dette var eit problem der den faglege vurderinga sto mot den byråkratiske. Vevle viste til at spørsmålet om utvekslingstilbodet på det aktuelle faget var relevant i denne samanhengen, særleg bruken av utveksling på 200-nivået (Uthaug).

Sak 5 – orientering om budsjettet for 2008

Uthaug orienterte om framlegget til budsjett for fakultetet før fakultetsstyremøtet 18. desember. Orienteringa vart gitt med visse atterhald sidan det kunne koma endringar i fakultetsstyremøtet:

Institutta får overføra restmidlar frå 2007 til 2008 (e-post 28.11 frå Margaret Stenberg ved økonomiseksjonen).

Det er framlegg om å lysa ut følgjande stillingar ved IF i 2008: ny stilling på italiensk etter Leone, ny stilling på russisk etter Børtnes. Instituttet forventar òg ny stilling på arabisk etter Bell. Det er ikkje sett av stilling til litteraturdisiplinen på spansk i 2008.

Generelt har fakultetet flytta fokuset frå spørsmålet om vi bør vi kutta ut nokre av småfaga til ei konstatering av at vi skal ta vare på den faglege breidda og at dei små faga må sikrast eit minimumsnivå av stillingar. Dette krev omprioriteringar. Nokre fag vil få færre stillingar, andre vil få fleire. Fakultetet har bede instituttet laga ein plan for den interne prioriteringa av stillingar mellom faga. Når fakultetet får denne planen, vil dei følgja opp saka vidare. Det er fakultetet som til sist avgjer kva stillingar som skal lysast ut. Men prioriteringa av fagleg breidde og dermed av småfaga vil føra til at nokre av dei litt større faga må rekna med ei viss nedjustering i talet på stillingar.

Det er forventa fleire stipendiatstillingar framover.

Institutta vil få ansvaret for å tildela publiseringsstøtte og stønad til forskingsføremål. Kanskje vil institutta òg få ansvaret for tildeling av forskningsterminar.

Ein del av instituttbudsjettet er som kjent resultatbasert. I 2008-budsjettet vil også ein del av forskingsmidlane vera resultatbaserte.

Instituttet må laga felles rutinar på fleire område, m.a.:

- tildeling av forskings- og publiseringsmidlar (søknadsfristar og kriterium)
- støtte til gjesteforelesarar (søknadsfristar og kriterium)
- fordeling av timemidlar til ulike fag
- midlar til disposisjon for forskingsgruppene
- utskifting av it-utstyr. It-avdelinga rår til at ¼ bør skiftast ut årleg. Skal vi følgja råda frå it-avdelinga, bør vi skifta ut pc-ar for ca 270.000 kroner i 2008, og då er utskiftingsbehovet på mac-sida ikkje rekna med. Sjølv om dei reelle utskiftingane nok blir mindre omfattande, må vi kalkulera med temmeleg store it-investeringar i 2008.

Sak 6 – ymse

A. Myrvold etterlyste klesknaggar i auditoria på Sydneshaugen skule. Anne Hestnes kontaktar driftsavdelinga om dette.

B. Skagen meinte ein burde ha eit fast kontor med konferansetelefon (og video) til munnlegeksamen o.a. Dermed kunne vi òg redusera reisinga og spare både miljø og pengar.

C. Emneansvarlege for undervisninga bør få timekompensasjon.

D. Sandberg etterlyste klarare retningslinjer for kven som gjer kva når det gjeld undervisninga. Uthaug viste til retningslinjene for fagkoordinatorane. Desse vil bli revidert, men førebels gjeld dei retningslinjene som ligg ute på heimesida vår. Ulland meinte dei ulike faga burde ha lærarmøte i større utstrekning enn no. Veland spurde om kven som vedtek studieplanar etter instituttsamanslåinga. Det ligg ein kort omtale av dette spørsmålet under husreglane, og instituttleiinga kjem med nye retningslinjer frå årsskiftet av. Myrvold foreslo at fagkoordinatorane burde påleggjast å avvikla to lærarmøte i semesteret. Sandberg meinte òg at det einskilte faget burde ha felles lærarmøte for eksamen og undervisningsplanlegging. Skagen viste til at fransk har felles leseplanmøte, møte for tildeling av masterrettleiarar og eksamensmøte. Ulland meinte det var ein god idé å gjera slik som på fransk. Irgens meinte dei

enkelte fagkoordinatorane helst burde skjøna at det var tenleg med lærarmøte utan at det vart pålagt ovanfrå. Alvarez meinte kommunikasjonen mellom administrasjon og fagmiljø og internt i fagmiljøa ikkje var god nok.

E. Vevle ønskte at masterstudentane fekk litt friare val av emne. Det burde opplysast om t.d. emne frå allmenn lingvistikkk som er førehandsgodkjende også for våre masterstudentar. Kan ein velja emne frå andre fagområde òg, så bør det opplysast om dette. Ulland viste til at det er opplyst om dette i studieplanane, og studentane bør lesa planane. Men i tillegg bør det òg i andre samanhengar opplysast om kva for alternative emne studentane kan velja. Sandberg viste til at språket kan vera eit problem, t.d. når emne frå allmenn litteratur blir undervist på eit anna språk enn det studenten tek mastergrad i. Johannessen etterlyste langtidsplanlegging på dette området. Uthaug viste til at ein kan ta opp slike spørsmål med fagkoordinatorane. Skagen viste til at desse spørsmåla òg rører ved den tradisjonelle oppfatninga av kva for emne og disiplinar som bør vera med i fagstudiet.

F. Myrvold meinte instituttet burde sjå nærare på problemet med studentar som ikkje er norske, og som skriv eksamenssvar på norsk. Ikkje alltid går dette bra. Skal ein leggja ei anna vurdering til grunn her enn av ein norskspråkleg student? Ulland peikte på at denne problemstillinga er felles for mange av faga våre og varsla at han kom til å ta opp saka i undervisningsutvalet.

Beatrice Sandberg,
leiar

Arve Kjell Uthaug,
sekretær